

Salsinnsats i tropevarme

22.07.2014



Høyrer du til dei som tykkjer at ripsbær er sure greier?
Det gjer eigentleg vi, men likevel fell vi for salsargumenta til ein kvartett som slo til i tropevarmen i går. Dei selde dei friske bæra som var nyplukka på Døssland.
Prisen var akseptabel: 15 kroner utan og 20 kroner med saus!

Sigri Myklebust Lekva, Ella Karina Hjørnevåg, Saima Kristine Døssland og Norah Hjørnevåg var kvartetten som hadde bestemt seg for business i 30 plussgrader.

Kva var så føremålet? Det varierte mellom dei; Ein ville setta pengane i banken, ein annan ville kjøpe leikar, ein tredje skulle kjøpe telefon og den fjorde hadde visst ikkje heilt bestemt seg.

Men vi er spent på kven som gjorde det skarpast!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen